

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Vår dato: 24.06.2020  
Vår ref.: 202006480-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 12.06.2020  
Dykkar ref.: 2020/1703-9

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes  
22959527/toot@nve.no

## **NVE si fråsegn til søknad om dispensasjon frå plankrav og byggegrense mot vassdrag for bygging av forretningsbygg - Gnr. 91 bnr. 136 - Kvinnherad kommune**

Vi syner til brev datert 12.06.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav og byggegrense mot vassdrag for bygging av ny Felleskjøpbutikk med tilhøyrande parkering, lager og varelevering på Seimsfoss.

Arealet det er søkt om dispensasjon for ligg like nord for Guddalselva, og med kort avstand til elva sitt utlaup i sjøen. Tomta er i dag nytta til parkeringsplass og er asfaltert. Bygget skal plasserast ca. 20,5 meter frå elva. Det er planlagt å heve butikkdelen til kote 3,3 for å kome over nivå for 200 års flaum med klimapåslag. Lagerdelen er planlagt til kote 3,0 for å kome over nivå for 20 års flaum med klimapåslag.

NVE har ikkje avgjerande merknad til at det vert gjeve dispensasjon frå plankrav og byggegrense mot vassdraget. Kvinnherad kommune må, før det vert gjeve løyve til bygging, sjå til at bygget vert plassert tilstrekkeleg trygt i høve til naturfare, og at utbygginga ikkje medfører at byggverk, byggegrunn og tilstøytande terreng vert utsett for fare for skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket.

Norconsult har i 2019 kartlagt flaumfare og dokumentert flaumsoner for gjentaksintervall på 20-, 200-, og 1000 år. Vedlagt søknaden ligg nye flaumsonekart der konsekvensen av to alternative utbyggingar som er vurdert er innarbeidd. I rapporten frå Norconsult (sist datert 20.05.2020) heter det at: «*En lokal heving av terrenget der bygget plasseres (alt.2) vil sikre selve bygget mot flom uten økt risiko for flomskader andre steder i vassdraget.*» I notat frå Norconsult, Flomkontroll – Felleskjøp Seimsfoss datert 05.06.2020 står følgjande konklusjon: «*Etablering av ny Felleskjøpet-butikk (som planlagt) vil påvirke flomforholdene i Guddalselva slik at mer vann vil renne sør for elva. Flomrisikoen for bolighus, næringsbygg og fritidsbolig på denne siden av elva vil øke. Det vurderes samtidig at flomforholdene endres forholdsvis lite.*»

Det siste notatet synleggjer noko usikkerheit knytt til kva konsekvensar den planlagde utbygginga gir. For å redusere slik usikkerheit kan Norconsult forholdsvis enkelt gjennomføre analysar og lage kart som syner differanse i vasstand før og etter utbygging. Det er og mogeleg å nytte den hydrauliske modellen til å utarbeide kart som syner fart og straumretning på vatnet, og endringar i fart og retning. Slike

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



endringar kan i verste fall medføre auka erosjonsfare. Så langt vi kan sjå er det ikkje gjort vurderingar av om konsekvensane av ein 20 års flaum vert endra.

NGU sitt lausmassekartet for området er lite nøyaktig, men temakartet «Mulighet for marin» syner at det er stor mogelegheit for marin leire under elveavsetningane. I område med marin leire kan ein ikkje utelukke forekomstar av kvikkleire.

Med helsing

Siss-May Edvardsen  
fung. regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND